

Fagdag om farlege stoff i museumssamlingar

19. og 20. januar 2017 på Bryggens museum, Bergen

Bevaringstenestene er ei felles konserveringsteneste for alle dei ti konsoliderte musea i Hordaland, og er ei avdeling i Museumssenteret i Hordaland. I januar 2017 fyller vi 10 år, og ønskjer å markere jubileet med ein fagdag om potensielt farlege stoff i museumssamlingane. Fagdagen er for alle som forvaltar museumssamlingar og andre kulturhistoriske miljø, og vert arrangert i samarbeid med Norges Museumsforbund, seksjon for samlingsforvaltning og Norges Konservatorforbund (NKF-N).

Utstoppa dyr, gamle tapet, ausekar, speglar, gamle komfyrar, røntgenapparat og fiskegarn er gjenstandar finst ved mange museum. Det har til no vore lite medvit om at desse gjenstandane kan vere ein helserisiko for både publikum og tilsette. Dei kan òg skade resten av samlinga. Gjenstandane kan vere sett inn med plantevernmidlar og andre kjemiske stoff for å motverke skadedyr. Ein gamal komfyr kan innehalde asbest, det kan vere giftige pigment i eldre tapet, og ein spegel kan innehalde kvikksølv. Ofte er desse gjenstandane ein viktig del av musea sine samlingar, og dei skal difor takast vare på sjølv om det kan innebere ein helserisiko.

Fagdagen skal gjere tilsette ved museum og andre kulturarvsinstitusjonar i stand til sjølve å identifisere potensielt farlege stoff i samlingane og beskytte seg mot dei. Vi ønskjer og å vise måtar ein kan stille ut og magasinere potensielt farlege gjenstandar på slik at dei ikkje utgjør ein risiko.

Det har tidlegare vore arrangert fagdagar om dette temaet både i Danmark, i regi av Konservatorenes Efteruddannelsespulje, og i Sverige i regi av Samlingsforum, men det har ikkje tidlegare vore arrangert eit tilsvarande seminar i Noreg.

Vi ønskjer å invitere føredragshaldarar frå Danmark, Sverige, Tyskland, Østerrike og Noreg til å halde innlegg om følgjande emne:

- Korleis identifisere og bevare farlege gjenstandar, spesielt i teknisk-industrielle samlingar
- Plantevernmidlar og andre kjemiske stoff som er nytta på gjenstandar i musea sine samlingar (f.eks. i utstoppa dyr eller i kulturhistoriske bygningar)
- Kva helse- og sikkerheitsmessige omsyn ein bør ta for å handtere mugg på museumsgjenstandar
- Uventa farar – bevisstgjerjing om at potensielt farlege stoff kan vere vanskeleg å oppdage: slik som radioaktivt materiale eller farlege komponentar i maling, som arsenikk eller bly.

Vi ønskjer å halde fagdagen frå lunsj til lunsj 19. og 20. januar på Bryggens museum i Bergen. Vi har budsjettert med ca. 100 deltakarar.

Aktuelle føredragshaldarar:

Helene Tello, Staatliche Museen zu Berlin, Ethnologisches Museum

Marielle Bergh, Universitetsmuseet i Bergen

Anne Lisbeth Schmidt, Nationalmuseet i Danmark

Terje Grøntoft, Norsk institutt for luftforskning

Vigdis Vingelsgård, Anno museum

Lone Pedersen, Norsk Folkemuseum

Friederike Kunze, Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland

Victoria Juhlin, NTNU

Eit tilskot frå Hordaland fylkeskommune er eit viktig bidrag til at fagdagen kan gjennomførast med ei låg deltakaravgift, slik at fleire kan ha høve til å delta.

Salhus, 31. august

Torunn Kojan Bøe

Avdelingsleiar
Bevaringstenestene
Museumssenteret i Hordaland